

Topptur med flott utsikt mot Leveld-bygda og fjella bak.

Frå Leveld kyrkje tek du traktorvegen som går sørover frå kyrkja og går brua over elva Votna. Følg traktorvegen til høgje oppover lia til du passer tuftene på Bekreholt, heimstølen til Veslegard. 200-300 meter etter Bekreholt tek du skarpt til venstre og fortset på ein enklare traktorveg/stig. Hald fram stigen beint oppover lia på høgre side av Haugsnatten.

Etter nokre hundre meter tek du til venstre, og følgjer ryggen utover til du står ytst på Haugsnatten. Det står eit gammalt trigonometrisk målepunkt der. Vær merksam på bratte stup

Vel oppe får du flott utsikt mot bygda og fjella bak, både vestover, nordover og austover. Herifrå kan du blant anna sjå Reineskarvet, Lauvdalsbrea og Blåbergi.










Foto: Bård Svardal



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000.



Foto: Bård Svardal

-  Kjør Nordbygdvegen (Fv. 244) mot Vats til du kjem til Leveld kyrkje.
-  På parkeringsplass ved Leveld kyrkje.
-  Turen er ca. 6 km tur/ retur og tek ca. 1 ½ time. 679 – 907 moh.
-  Bekreholt – tufter og restar etter gamle heimstølhus.
-  Traktorveg og skogsterreng. Passar for turgåarar som toler litt motbakke.

